



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Dato: 01.12.2014
Vår ref.: 2014/22699-5
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 28. oktober 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Bergåsstranda naustområde. Hovudføremålet med reguleringa er naust og fritidsbustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til naust og fritidsbustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Senterstruktur
- Universell utforming

Meir om landskap:

Området ligg innafør landskapsområdet Lurefjorden som i verdivurderinga av Hordaland er verdisatt til *stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng*.

Meir om folkehelse og friluftsliv:

Strandsona ligg innafør det viktige regionale friluftsområdet *Seimsfjorden*.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kultur- og idrettsavdelinga vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi

ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet.

Då planen omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne i området og har ikkje innvendingar til planen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel, senterstruktur og universell utforming.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest